

**NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR
INVITERAR TIL**

**ÅRSMØTE
og FAGDAGAR 2010**
på DFDS Pearls of Scandinavia og i København
1. - 2. september 2010

Tema:

Kyrkjegardspolitik og framtidens utfordringar

**ÅRSMELDING OG ÅRSMØTEINNKALLING
PROGRAM OG PÅMELDINGSSKJEMA FOR FAGDAGANE**

FAGDAGAR 2010

på DFDS Pearls of Scandinavia og i København

Tema: Kyrkjegardspolitik og framtidens utfordringar

ONSDAG 1. SEPTEMBER

- kl. 11.00 Ankomst båten og registrering
- kl. 11.00 Registrering i møtelokalet
- kl. 12.00 Årsmøte i Norsk forening for kirkegårdskultur
- kl. 13.00 Lunsj-buffet
- kl. 14.00 Kyrkjegardspolitik
Innlegg ved stortingspolitikarane Anne Tingelstad Wøien, SP,
Aksel Hagen, SV, Hadia Tajik, AP, Per Arne Olsen, FrP,
og Svein Harberg, H
Ordstyrar Øystein Dahle
- kl. 16.30 Framtidens utfordringar sett i lys av 75 års samla erfaring
v/kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg og landskaps-
arkitekt Aud Wefald
- kl. 17.50 Praktisk info om morgondagen i København
- kl. 20.30 Middag "Det store kolde bord"

TORSDAG 2. SEPTEMBER

- Frokost på båten
- kl. 09.15 I København: Assistens og Bispebjerg kyrkjegardar
Mangfald og historie - kyrkjegardskultur i storbyen
- kl. 12.00 Lunsj på St. Gertruds Kloster i København
- kl. 13.00 Assistens og Bispebjerg kyrkjegardar, forts.
- kl. 16.00 Ombordstigning på båten
- kl. 17.00 Spørjetime
- kl. 20.30 Festmiddag

FREDAG 3. SEPTEMBER

- Frokost på båten
- kl. 09.15 Ankomst Oslo

Informasjon om stad og pris: Sjå side 11

KIRKEGÅRDSFORENINGEN

NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDKULTUR

ÅRSMØTEINNKALLING

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Norsk forening for kirkegårds-kultur **onsdag 1. september 2010 kl. 12.00** på DFDS Perls of Scandinavia, Dampskipskaia i Oslo. Båten har avgang kl 17, og man kan derfor delta på årsmøtet utan å bli med på turen til Danmark

Dagsorden:

1. Konstituering
 - a. Opprop
 - b. Val av dirigent
 - c. Val av to referentar
 - d. Val av to medlemmer som saman med dirigenten skal underskrive protokollen
 - e. Vedtak av dagsorden
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Fastsetting av kontingent
5. Budsjettforslag
6. Innkomne saker
Svar på utfordringar frå årsmøtet 2009
7. Val av styremedlemmer og varamedlemmer
8. Val av revisor
9. Val av valkomité
10. Fastsetting av stad for neste årsmøte

SAK 2: ÅRSMELDING andre halvdel 2009 og første halvdel 2010

Norsk forening for kirkegårdskultur er ei ideell forening som skal arbeide for å fremje god kyrkjegårdskultur, og arbeide for å utvikle framtidig kyrkjegårdspolitik. Sekretariatet ligg i Drangedal kommune.

Tillitsvalde:

Leiar:	Johannes Sørhaug, kyrkjeshjef i Porsgrunn	(valt -08)
Nestleiar:	Naomi Louise Wilde, landskapsarkitekt, Bærum	(valt -08)
Styremedlemmer:	Eirik Stople, gravlundssjef i Stavanger	(valt -09)
	Tove Kirsten Hansen, kyrkjevevje i Alstahaug	(valt -09)
	Hans Jakob Nes, kyrkjevevje i Molde	(valt -08)
Vararepr.:	Randi Moskvil Letmolie, kyrkjevevje i Horten	
	Ola Kristian Asp, Vestfold og Telemark Krematorium IKS	
Revisor:	Ernst & Young AS	
Valkomit�:	Harald Geir S�ther, kyrkjevevje i Fusa	
	Mary Mentzoni Iversen, oppsynsmann i Harstad	
	Stein Olav Hohle, driftssjef i Oslo	
Tilsette:	Synn�ve Haugstad Sira (75%, fr� 1.1.10 85%)	
	Bjarne Kjeldsen (50%, innleigd fr� KA)	

 rsm tet 2009

 rsm tet fant stad onsdag 10. juni kl 15.30 i seremonisalen ved Stavanger krematorium. Det m tte 61 personar p   rsm tet, 42 av dei hadde stemmerett. Johannes S rhaug blei valt til dirigent. Bjarne Kjeldsen og Synn ve Haugstad Sira blei valde som referentar, og Edgard Budeng Larsen og Jenny Madland til, saman med dirigenten,   underskrive protokollen.

Det stod 10 saker p  dagsorden. Framlagt  rsmelding for andre halvdel av 2008 og f rste halvdel av 2009 og rekneskap for 2008 blei godkjent, og budsjett for 2010 teken til etterretning. Dagsorden og  rsmelding blei godkjent utan merknader. Under sak 6 orienterte leiar om medlemsunders king gjort v ren 09. F lgjande vedtak blei gjort:

 rsm tet ber styret utrede f lgjande til  rsm tet i 2010:

- Avklare foreninga sine prim re oppg ver
- Eigna modell for organisering av verksemda
- Modell for arbeidsfordeling og samarbeidsformer mellom Kirkeg rdsforeningen og andre organisasjonar.

Eirik Stople, og Tove Kirsten Hansen (begge gjenval) blei valt til styremedlemmer for to  r.

Varamedlemmer Randi Moskvil Letmolie og Ola Kristian Asp valde for eit  r. Ernst & Young AS blei valt som revisor.

Sekretariat og tilsette

Sekretariatet held til i leide kontorlokale p  Neslandsvatn i Drangedal i Tele-

mark. Synnøve Haugstad Sira har 75% stilling som kontor- og kursleiar, med kontortid mandag - torsdag kl. 09.00 - 16.00. Frå 1.1.10 er stillinga auka til 85%. Kontor-/kursleiar står for den daglege drifta av sekretariatet, fører rekneskapen, har ansvar for kursplanlegging og praktisk gjennomføring av kurs og fagdagar, og er sekretær for styret. Bjarne Kjeldsen er innleigd frå KA som prosjektleiar i 50% stilling. Han har kontor i Kirkens Hus i Oslo. Kjeldsen blir ved behov leigd ut på timebasis til sekretariatet for Norsk kremasjonsstiftelse. Begge tilsette er med i redaksjonskomiteen for fagtidsskriftet Kirkegården. Arbeidsmiljøet er bra. Det har vore lite sjukefråvær i perioden.

Styrets arbeid

Det er halde fire styremøte i perioden, to i andre halvdel av 2009 og to i første halvår 2010. Det er behandla i alt 39 saker.

Naomi Wilde har hatt permisjon frå styret sidan sist årsmøte, og vara Randi Moskvil Letmolie har rykka opp til fast plass i styret. Ola Kristian Asp rykka opp til 1. vara og har møtt i styremøtene.

Hovudsakene har vore:

Fagdagar og kurs (eige punkt i årsmeldinga)

Rekneskap og budsjett (eigne årsmøtesaker)

Fagleg råd: (eige punkt i årsmeldinga)

Fagtidsskriftet Kirkegården: Gjennomgang av innhald, annonser osv. Introduksjon av "styrets hjørne" i kvart blad.

Strategi: Styret har i fleire møte jobba med svar på fjorårets årsmøtet sine utfordringar. Resultatet vil bli lagt fram under sak 6 på årets årsmøte.

Nye nettsider: Det er kjøpt inn ny plattform, og arbeidet med å bygge opp nye og utvida nettsider for Kirkegårdsforeninga er under arbeid.

Nordisk kongress: Organisering av norske foredragshaldarar og deltaking på kongressen i Göteborg i september 2009. Planlegging for kongressen i Norge i 2013 (sjå også eige punkt i årsmeldinga).

Informasjon til nye fellesråd: Kirkegården nr 1-2010 er sendt ut til alle medlemmer i dei nyvalde kyrkjelege fellesråda, med eit informasjonsbilag om kyrkjegarden og kyrkjegardsdrift. Dette for å spore til sterkare interesse for kyrkjegarden i fellesrådet. Dessverre lukkast det ikkje å få noe ekstern støtte til dette, men styret vedtok at det var så viktig prosjekt for foreninga at det blei gjennomført og fullfinansiert med foreninga sine eigne midlar.

Ny logo: Det har i lengre tid vore jobba med å finne ein ny logo for foreninga, og fleire designarar har laga forslag. Etter å ha vurdert mange alternativ blei det beslutta at vi kun vil bruke sjølve namnet, slik som vist øverst på s 3.

Administrativt: Nytt økonomireglement for tilsette og styret, og vurdering og utviding av kontorleiar si stilling frå 75 til 85% for å passe betre til arbeidsmengde.

Fagus: Kirkegårdsforeninga har vedteke å søke om å bli medlem i Faglig utviklingssenter for grøntanleggsektoren (Fagus), og søknaden er blitt god-

kjent. Det pågår nå samtaler om korleis vi og våre medlemmer kan få størst muleg nytte av medlemskapen. I samarbeidet med Fagus ligg det vidare spennande muligheter når det gjeld å få sett kyrkjegardsspørsmål på dagsorden i dei ulike grøntfaglege miljøa.

Foreningas medlemmer

	<u>2010</u>	<u>2009</u>	<u>2008</u>	<u>2007</u>	<u>2005</u>
1 Fellesråd / kommunar	358	366	372	383	374
2 Sokneråd	4	5	7	14	15
3 Personlege	73	71	78	84	91
Livsvarige	13	13	13	13	15
Firma, prostar, biskopar	62	64	66	60	58
Æresmedlem	1	1	1	1	1
Sum	<u>510</u>	<u>519</u>	<u>536</u>	<u>554</u>	<u>553</u>

På medlemskap 1 og 5 er det anledning til å ha ekstraabonnentar, slik at medlemslistene i alt viser 1220 adresser.

Fagleg råd

Rådet består av representantar frå Kirkegårdsforeningen, Fagforbundet, Delta (tidl.KFO), KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon, HSH, gravferd (tidligere BFN) og Norsk bergindustri. I tillegg møter kyrkjegardskonsulenten og seniorrådgjevar i Kirkerådet Per Tanggaard. Dei to siste møter i kraft av eigen kompetanse. Prosjektleiar i NFK er sekretær for rådet. I 2009/2010 har særleg spørsmål knytte til revisjonen av gravferdslova prega arbeidet i rådet.

Publikasjonar

Tidsskriftet *Kirkegården* er komen ut med fem nummer i perioden: I juni, september og november 2009, og april og juni 2010. Til nr 1-2010 blei det laga eit informasjonshefte for fellesrådsmedlemmer, som blei lagt ved bladet og distribuert til alle kyrkjelege fellesråd.

Redaktør er Alf Bergin. Redaksjonsutval: Arne Eggen, Helge Klingberg, Synnøve Haugstad Sira og Bjarne Kjeldsen.

Faglitteratur for sal:

Hefta *Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd. Forskrifter, Kirkegårdens ABC, Gravminner i Gudbrandsdal, Idèkonkurranse om formgiving av gravminner og Kirkegårdens dag.*

Rapporten *Drift og vedlikehold av kirkegårder -arbeidsforbruk og kostnader.* Bøkene *Kirkegården -et levende kulturminne* og *Utvidelser og nyanlegg av kirkegårder -håndbok for tiltakshaver.* Bestillingsskjema ligg på våre nettsider www.kirkegaardskultur.no.

Fagdagar 2009

Onsdag 10. og torsdag 11. juni var 115 personar samla til fagdagar i Stavanger. Årets tema var: Brukarfokusert gravferdsforvaltning.

Foredrag: *Forventningar til kyrkjegarden når vi har ei grav å besøke*, samtale med Bjørg Kvåle, *Kyrkjegarden som arena for kulturarrangement* v/lærer Gunn Brigitte Danielsen, kyrkjeverje i Arendal Einar Bore og kyrkjeverje i Stavanger Sven Inge Thorstvedt. *De tusen detaljer* v/kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, *Eksempel på gravlundsmelding* v/park- og idrettssjef i Sandnes Ingjerd Bratterud, *Universell utforming* v/rådgjevar i Helsedirektoratet/Deltasenteret Karen Kjeldsberg Pihl, *Kyrkjegardsplan* v/landskapsarkitektane Aud Wefald og Ida Helen Tørud, *Grøne blikkpunkt gjer kyrkjegarden vakrare* v/landskapsingeniør Per Göran Marcusson, *Verksemdas kompetanse* v/kompetansesjef i KA Marit Halvorsen Hougsnæs, rådgjevar i Fagforbundet Trygve Natvig og dagleg leiar i Soa opplæring Nina Åshaug, *Spørjetime* m/bl.a. kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg.

Synfaring: Hundvåg og Eiganes gravlund, Stavanger krematorium, Varhaug gamle kyrkjegard og Ognå kyrkjegard og kyrkje.

Festmiddag på Jærgarden Kvalbein i Hå.

Kurs og arrangement

Kurs i omregulering i praksis 25. - 27. august 2009 i Horten med 13 deltakarar (fullt kurs). Det var eit praktisk kurs, med utgangspunkt i tre felt på Horten kyrkjegard. Heile prosessen med registrering, oppmåling og teikning av nye kart blei så gjennomført.

Foredragshaldar/instruktør: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg

Praktisk kyrkjegardsdrift 6. - 9. oktober 2009 i Bø i Telemark med 30 deltakarar (fullt kurs) og 13. - 16. april 2010 i Ullensvang med 29 deltakarar. Kurset er ei grunnopplæring i kyrkjegardsdrift.

Tema: Lover og reglar for kyrkjegarden, Gravregister og gravfeste, Kyrkjegardsteknikk, Kistegrav eller kremasjon, Åpning og lukking av grav, Stell av grøntanlegget, Registreringsarbeid og oppdatering av kartverk, Gravminne, plantefelt og betalt gravstell, Møte med menneske i sorg. Synfaring til kyrkjegardar.

Foredragshaldarar: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, gartner Eva Marie Larsen, anleggsgartnerartekn. Monica Birkelund, sokneprest Lars Bernhard Ølberg og sjukehusdiakon Anne Hirsch.

Administrasjon av kyrkjegardar 9. - 11. mars i Oslo 2010 med 30 deltakarar (fullt kurs), og 1.-3. juni i Stjørdal 30 deltakarar (fullt kurs)

Tema: Kyrkjegardens plass i forvaltninga, Gravferdslov, forskrifter og vedtekter, Kyrkjegarden som kulturminne, Gravbehov - Reguleringsplan og kyrkjegardsplan, Gravregister og gravplan, Registreringsarbeid og oppdatering av kartverk, Gravminne, Gravfeste og betalt gravstell, Saksbehandlingsrutinar, forvaltningslova og offentlighetslova, God forvaltning = god service.

Foredragshaldarar: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, landskapsarkitekt Aud Wefald, direktør Øystein Dahle, og jurist Inghild Hareide Hansen. Deltakarar på våre kurs har vore kyrkjegardsarbeidarar, driftsleiarar, kyrkjeverjer og kontorpersonale.

Internasjonalt samarbeid

Det nordiske samarbeidet foregår i samarbeidsorganisasjon *Nordiska förbundet för kyrkogårdar och krematorier (NFKK)*. Vår representant i perioden har vore leiar i Kirkegårdsforeningen, Johannes Sørhaug, med kyrkjeverje i Fredrikstad Odd Andersen som vara. Organisasjonen har bl.a. ansvar for planlegging og gjennomføring av ein nordiske kongress kvart 4. år. I 2009 var det Sverige og Göteborg som var arena for den nordiske kongressen. Der deltok styret saman med rundt 70 andre norske. Neste kongress skal vere i Norge i 2013, og Ålesund er vald som stad. Første planleggingsmøte blir i juni i Ålesund. Det er NFKK som står som formell arrangør av kongressen, men arrangørlandet har ansvar for den praktiske gjennomføringa. Internasjonalt: Frå og med 2010 er vi utmeldt av ASCE.

SAK 3: REKNESKAP 2009

Styrets forslag til godkjenning av rekneskap for 2009:

INNTEKTER	Rekn. 2009	Budsj. 2009	Rekn. 2008
Kontingentar	738 050	750 000	743 350
Sal publikasjonar og annonsar	176 982	225 000	185 243
Fagdagar, årsmøte	408 385	325 000	365 118
Kurs	691 750	560 000	454 916
Nordisk kongress	48 978		
Tilskott	100 000	100 000	100 000
Andre inntekter	27 781	25 000	66 894
Renteinntekter	26 722	30 000	53 349
Sum	2 218 648	2 015 000	1 968 870
UTGIFTER			
Publikasjonar	302 951	300 000	293 332
Fagdagar, årsmøte	400 515	300 000	307 591
Kurs	476 235	470 000	371 436
Styreutgifter	70 195	75 000	57 275
Kontor, administrasjon	91 090	90 000	92 455
Nordisk samarbeide	83 684	45 000	72 555
Lønnsutgifter	358 849	360 000	343 352
Prosjektleiar inkl. kontor	369 095	350 000	368 419
Prosjekt nye nettsider og logo	70 075	-	-
Andre kostnader	30 440	25 000	34 194
Sum	2 253 129	2 015 000	1 940 609
RESULTAT	-34 481	0	28 261

BALANSE	2009	2008
EIGEDELAR		
Omløpsmidler:		
Drangedal og Tørdal Sparebank	645 047	696 804
Utestående	19 131	38 471
SUM EIGEDELAR	664 178	735 275
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital:		
Fri egenkapital pr. 1.1.	594 745	566 484
Årets resultat	-34 481	28 261
Sum egenkapital	560 264	594 745
Kortsiktig gjeld:		
Skyldig skatt, avgifter, lønn	64 042	51 326
Annan kortsiktig gjeld	39 872	89 204
Sum gjeld	103 914	140 530
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	664 178	735 275

Revisjonsberetning for 2009

Vi har revidert årsregnskapet for Norsk Forening for Kirkegårdskultur for regnskapsåret 2009, som viser et underskudd på kr 34 481. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet er avgitt av foreningens styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og interne kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av foreningens økonomiske stilling 31. desember 2009
- styret har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge

Kragerø, 10. mai 2010


Erik Gudbrandsen
statsautorisert revisor

SAK 4: FASTSETTING AV KONTINGENT 2011

I samband med utvida tenestetilbod i og med tilslutning til Fagus og kostnadane med det, foreslås ei auke i kontingenten med ca 5% for alle grupper, til:

Medlemskapsgrupper	adresser som følger med medlemskapen	kontingent kroner	ny kontingent kroner
Personlege	1	250	260
Sokneråd	1	350	370
Firma, bispedømmeråd	2	750	790
Fellesråd/komm:			
1) Inntil 10.000 innbygg.	3	1 200	1 260
2) 10 - 25.000 innbygg.	5	2 500	2 625
3) 25 - 100.000 innbygg.	10	5 000	5 250
4) Over 100 000	20	10 000	10 500

SAK 5: BUDSJETTFORSLAG 2011

Styrets forslag til budsjett for 2011:

INNTEKTER		UTGIFTER	
Kontingentar	775 000	Publikasjonar	300 000
Sal publikasjonar, annonsar	220 000	Fagdagar, årsmøte	360 000
Fagdagar, årsmøte	410 000	Kurs	400 000
Kurs	500 000	Styreutgifter	70 000
Tilskott	100 000	Kontor, administrasjon	90 000
Andre inntekter	30 000	Nordisk samarbeide	30 000
Renteinntekter	20 000	Lønnsutgifter	373 000
		Prosjektlear inkl. kontor	382 000
		Andre kostnader, Fagus	50 000
Sum	2 055 000	Sum	2 055 000

SAK 6: INNKOMNE SAKER

Ingen saker innkomne.

Svar på utfordringar frå årsmøtet i 2009.

SAK 7: VAL AV LEIAR, STYREMEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER

Valkomitèens forslag:

Styreleiar for to år:

Hans Jakob Nes, kyrkjeverje i Molde

To styremedlemmer for to år:

Naomi Louise Wilde, landskapsarkitekt i Bærum kommune (gjenval)
Margareth Eckbo, direktør i Gravferdsetaten i Oslo (ny)

To varamedlemmer for eit år

1. Ola Asp, dagleg leiar i Vestfold og Telemark krematorium IKS (gjenval)
2. Inghild Hareide Hansen, forvaltningsleiar i Bergen

SAK 8: VAL AV REVISOR

Styret foreslår gjenval av revisorfirmaet Ernst & Young AS.

SAK 9: VAL AV VALKOMITÉ FOR 2011

Styrets forslag til valkomite for 2011:

Kyrkjeverje i Porsgrunn Johannes Sørhaug, kyrkjeverje i Horten Randi Moskvil Letmolie, og einhetsleiar i Trondheim Helge Rask.

SAK 10: FASTSETTING AV STAD FOR NESTE ÅRSMØTE

Styret foreslår at neste årsmøte legges til Gjøvik i august/september 2011.

INFORMASJON OM FAGDAGAR 2010

Tid: 1. - 2. september 2010

Stad: DFDS Pearls of Scandinavia

Møteavgift: kr 1.215 for alle medlemmer
kr 1.620 for ikkje-medlemmer

Lugar inkludert full pensjon:

Enkeltlugar: Innvendig kr 3.435, utvendig kr 3.695

Dobbeltlugar: Innvendig kr 2.855, utvendig kr 2.985. Husk å sette opp kven du vil dele lugar med.

OBS: Vi har reservert 110 lugarar, og dei vil bli fordelt etter "først-til-mølla"-prinsippet.

Med forbehold om kursendringar.

B-Economique
NORGE



PÅMELDING

PÅMELDINGSFRIST: snarast

Namn:

Stilling:

Fakturaadresse:

.....

Bestilling av lugar med full pensjon:

- Enkel innvendig lugar Enkel utvendig lugar
 Dobbel innvendig saman med.....
 Dobbel utvendig saman med.....

.....

Informasjon og priser står på side 11, programmet står på side 2

Stadfesting av påmelding blir sendt fakturaadressen ca. to veker før møtestart, med program, faktura på møteavgift og hotellopphald / møtepakke.

*Avmeldingsgebyr: Avmelding t.o.m. 30-15 dagar før avreise: kr 1300. 15-3 dagar før: kr 1900.
Deretter ingen refusjon. Gjeld pr person. Vi anbefaler reiseforsikring*

Send påmeldinga til:

Norsk forening for kirkegårdskultur

Sagodden, 3760 Neslandsvatn

Tlf. 35 99 45 74, e-post: post@kirkegaardskultur.no

Eller bruk påmeldingsskjemaet på nettsida: www.kirkegaardskultur.no